

Høringsuttalelse fra Riksantikvaren/Klima- og miljødepartementet:

Riksantikvaren står ikkje oppført på høringslista i denne saka, men er av Klima- og miljødepartementet beden om å skrive ei uttale. Dette er rimeleg i og med at vi stod på høringslista til framlegget om revidert lovframlegg, og leverte innspel til dette.

Vi registrerer at vårt hovudinnspel til revisjon stadnamnlova ikkje er tatt til følgje, det vil seie at gard- og bruksnamn kan ha ulike skrivemåtar sidan det er eigaren (og dermed potensielt skiftande eigarar) som no skal fastsetje bruksnamnet. Vi peikte i førre høyring på dei problema dette potensielt kan føre til for offentleg forvaltning fordi vi her er tente med einskap og permanens. Når no eigaren si vedtaksrett er vedtatt i lovs form, er det viktig for oss å sikre at intensjonen og målet med Lov om stadnamn i størst mogleg grad blir sikra i forskriftene.

I høyringsnotatet (s. 2) registrerer vi at ikkje berre skal eigarane gjere vedtak for bruksnamn, men at det bak valet om å ta ut retningslinene frå forskrifta ligg eit mål om at vedtaksorgana meir generelt skal «stå friare i vedtaksprosessane og kan få eit større spelarom innanfor rammene i stadnamnlova om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn». I den grad denne fridomen blir brukt til å sikre lokale uttalevariantar andsynes rettskrivingsformer som ligg etter måten langt frå dialektformene, er vi positive til dette. Men dette kan også få heilt andre utslag som undergrev omsynet til kjeldeverdi og einskaplege namneformer, og det er viktig at forskriftene gir føringar som motverkar dette.

Vi tykkjer det er gledeleg at ein ser stadnamna vår opp mot Unescos konvensjon om immateriell kulturarv (2003-konvensjonen), og at ein av intensjonane med Lov om stadnamn bl.a. er å sikre kulturminneverdiane namna representerer. For Riksantikvaren er omsynet til namna sin kjeldeverdi interessant og viktig, samstundes med at dei for oss representerer funksjonelle einingar som vi er heilt avhengige av for å få vårt registerarbeid til å fungere best mogleg. Med desse omsyna i minnet, har Riksantikvaren desse innspela til forskriftsendringane:

§ 1. Det nye framlegget er greitt, men vi saknar det tredje leddet frå gjeldande forskrift. «Skrivemåten i primærfunksjon skal vere retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane.» Dette er ei føring som vil bidra til einskap, og på bakgrunn av at bruksnamna no i prinsippet kan bli frislept (jfr eigars vedtaksrett), ville det etter vår meining vere gunstig om denne føringa blei vidareført inn i den nye forskrifta.

§ 2-7. Her har vi ikkje merknader.

§ 8. Her blir det no sagt at eigar kan fastsetje skrivemåten utan lokal høyring og tilråding frå namnekonsulentane. Det er sjølv sagt i tråd med endringane i lova. Det ville etter vår meining likevel vere til beste for eigarane om dei rutinemessig fekk ei vurdering av namnekonsulentane før dei gjorde vedtak. Når dei no *kan* be om ei vurdering, er det implisitt at eigarar til vanleg ikkje får faglege vurderingar å byggje eige vedtak på. For at eigar skal kunne gjere vedtak på så opplyst måte som mogleg, og slik oppretthalde intensjonane med stadnamnlova, meiner vi at eigarar rutinemessig burde få vurderingar frå namnekonsulentane før vedtaket blir gjort.

§9-14. Her har vi ikkje merknader.

§ 14. Grunngevinga for å stryke spesifiseringa av korleis namnekonsulenttenesta skal vere oppbygd, og heller vise til ei meir generell formulering i Lov om stadnamn ser fornuftig ut, og vi støttar argumentasjonen i høyringsnotatet. Som elles i Staten er det også her fornuftig å tenkje korleis oppgåvene kan løysast på mest mogleg effektiv måte til einkvar tid, utan å rigge opp ei rigid apparat i forskriftsform.